



Nordplan AS

Tlf: 57 88 55 00
post@nordplan.no
www.nordplan.no

Nordplan har vore engasjert som arkitekt og landskapsarkitekt for å formgje terminalbygget og trafikkavviklinga på Fugleskjærskai, i Florø sentrum. Prosessen med å samlast om eit trafikknutepunkt i Flora har vore tidkrevjande, å finne ei god trafikkavvikling har vore avgjerande. På Fugleskjærskai er det fleire aktørar med arealkrevjande aktivitetar, bussar som lyt snu og eit mylder av mjuke trafikkantar. Fordi området er vêrhardt bør arealet i tillegg vere overdekka.

Den planlagde utomhusplanen tek vare på tryggleiken til mjuke trafikkantar utan å redusere bruken av kai. Gangsonene mellom båt og buss er tydeleg markerte i materiale og utforming. Venteareala er overdekka utandørs.

Nordplan har vore med på forhandlingane med ulike aktørar og bidrege med samlande og gode løysingar i utomhusplanen.

Byggherre:	Flora Hamn
Oppdrag:	Konseptfase, skisseprosjekt, totalentrepisegrnlag
Fagområde:	Arkitektur og landskapsarkitektur
Stad:	Flora kommune
Areal:	9000 m ²
År:	2014-2018